Time kommune
Plan

STUELAND LIV TORA
Lauritz Bellesens gate 25
4340 BRYNE

Dykkar ref.	Vår ref.	Journalpostid:	Dato
	24/4619 - 36	26/23302	27.04.2026


Høyring og offentleg ettersyn - Plan 0563.00 - Detaljregulering for Storgata, Bryne sentrum

Du mottek dette brevet då du er nabo til, grunneigar i, ein offentleg instans eller har ei anna høyringsinteresse for eit område som er under regulering.

Høyring
Utval for lokal utvikling vedtok i møte den 23.04.2026 å legge eit forslag til følgjande reguleringsplan ut til høyring og offentleg ettersyn:

Plan 0563.00 - Detaljregulering for Storgata, Bryne sentrum.

Planforslag
Føremålet med planen er å regulera Storgata til gågate, i tråd med sentrumsplanen og gatebruksplanen. Med dette ynskjer kommunen å legge til rette for aktivitet og opphald i Storgata, og at Storgata skal framstår som ei attraktiv bygate.




Lokalisering av Storgata med sidegater i Bryne sentrum.

Storgata ligg i Bryne sentrum og er byens viktigaste handlegate. Gata ligg sentralt

plassert i forhald til tog og buss, og dannar hovudsambandet mellom Bryne stasjon og kjøpesenteret M44. Det er eit mangfald av publikumsretta verksemder i og nær gata.
Storgata har ei lengde på om lag 350 meter, og gatebreidda varierer med om lag 9,5 til 12 meter målt mellom fasadane. Gata går gjennom Bryne torg.

Vidare inkluderer planområde sidegatene Saronsbrotet, Erlandsbakken og Øgårdsbakken fram til der dei kryssar Meierigata. Smieparken med køyreveg til Lauritz Bellesens gate er også inkludert.

Planområdet er på totalt 10 dekar. Planområdet omfatter i all hovudsak kommunalt eigde gate-, torg- og parkareal. Bygg som grenser til gateareala er ikkje ein del av planen.



Utklipp frå føreslått plankart.

Vurdering
Kommunedirektørens vurdering av planforslaget er skildra i saksframlegget, som ligg samla med plankart, føresegner og andre vedlegg i den politiske saka.

Vil du veta meir?
Du finn alle dokumenter i denne saka på kommunens nettside,
under Byggesaker, plan og kart → Plan → Reguleringsplanar → Høyring og offentleg ettersyn.
https://www.time.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-kart/plan/reguleringsplanar/hoyring-og-offentleg-ettersyn/
Du kan og skaffa deg dokumenta ved å ta kontakt med innbyggjarservice i Time rådhus.

Har du innspel?
Merknader sendes via nettsida, eller til Time kommune, Postboks 38, 4349 Bryne.
Kommunedirektøren ber om at eventuelle leietakarar og andre rettshavarar informerast om planarbeidet.

Merknader blir ikkje svart ut med eige brev, men blir heller referert til og kommentert i samband med politisk behandling.

Frist for å gje merknadar er **19.06.2026**

Spørsmål?
Kontaktperson for denne planen er Tore Ueland.
E-post: tore.ueland@time.kommune.no
Tlf: 454 56 484

Med helsing

Ingvild Kjosavik avdelingsleiar plan	Tore Ueland rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur.

Vedlegg:

Kopi til: